

- Næringsmål
- Næringsstrategiar

## 5 Næringsutvikling

Utviklinga i næringslivet er prega av internasjonalisering, auka bruk av IKT, orientering mot nye marknader og hard konkurranse.

Norsk næringsliver i kontinuerleg endring og omstrukturering. Det er størst vekst i bedrifter innanfor tenesteyting og varehandel. Tradisjonell industri og primærnæringar er i tilbakegang, medan opplevingsnæringar og kulturbaserte næringar veks.

Næringslivet skapar arbeidsplassar og sysselset 70 % av dei yrkesaktive hordalendingane (2003). Næringslivet må kunna tilpassa seg raske skifte og levera det marknaden til ei kvar tid etterspør. Det krev at vi stimulerer til framvekst av innovativ og nyskapande verksemd, med vekt på forskning, utviklingsarbeid og høg kompetanse. Det er stort behov for risikovillig oppstartkapital, såkornkapital, for å hjelpa ny verksemd i gang.

Varer og tenester skal ha eit høgt kvalitetsnivå, og prisen skal vera konkurransedyktig på den internasjonale marknaden. Dette er ei utfordring, og det krev at vi utviklar næringsverksemd som har særlege konkurransemessige føremoner samanlikna med dei vi konkurrerer med. Framtidig bruk av offentlege verkemidlar må konsentrera seg om slike næringar, som i Hordaland særleg er energisektoren, marin sektor, maritim verksemd, kulturbasert næring, reiseliv og leverandørverksemdar til desse. Desse nærin-

gane må stå sentralt i arbeidet med å få Hordaland mellom dei mest nyskapande og innovative regionane i Europa.

Dei siste 15 åra har landbruket i Hordaland hatt ein nedgang i talet på gardsbruk på 40%. Landbruket har på mange måtar lukkast med ei omstilling, med ein stor lokal marknad, mat som nisjeprodukt og relativt gode vekstvilkår for småskala næringsutvikling. Ikkje minst for å sikra levande bygder er det eit mål å auka lønsemd i primærlandbruket og tilknytta næringar. Auka samarbeid med reiselivsnæringa vil stå sentralt, det same gjeld koplinga til kultur og andre opplevingsnæringar.

Kultur er den raskast veksande næringa i landet og har stort utviklingspotensial i seg sjølv og som leverandør til næringslivet. Samarbeid mellom næringslivet og kulturfeltet kan utviklast vidare til nytte og glede for begge partar.

Næringsutviklinga bør utformast i tråd med prinsippet om berekraftig ressursforvaltning.

### **Visjon for næringspolitikken**

*Hordaland skal vera mellom dei mest innovative regionane i Europa i næringar der fylket har særlege føremoner, med vekt på lønsemd, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling.*



**Næringsklynge**

geografisk avgrensa område der nær lokalisering mellom bedrifter og andre næringsrelaterte aktørar gir konkurranseføremon

**Innovasjon**

fornyng, endring, idéutvikling, produktutvikling  
Forbetring av produkt eller prosessar

"- gjøre noe nytt som også har økonomisk betydning, men begrepet er i praksis mer knyttet til å gjøre nye ting i bestående virksomheter. Innovasjon skal ha et klart forretningsmessig siktemål." Spilling 2002: Nyskaping-Norge. Bergen, Fagbokforlaget

**Næringsmål**

- Hordaland skal ha best moglege rammevilkår for framvekst av næringsliv, som kompetanse, kapital og infrastruktur
- Hordaland og Bergen skal framstå som attraktiv for lokalisering av hovudkontorfunksjonar
- Potensialet for verdiskaping skal utløysast i næringer der vi har særlege føremoner
- Innovasjonen skal aukast i eit samspel mellom næringslivet, FoU-miljøa og offentlege styresmakter
- Talet på nyetableringar i regionen skal aukast
- Lokalsamfunna skal ha livskraftig næringsliv, basert på eigne føremoner og særtrekk, og som grunnlag for gode arbeidsplassar

**Næringsstrategiar****Rammevilkår**

- Påverka statlege styresmakter
- Samordna verkemiddelbruken

- Leggja til rette for investeringar frå offentleg og privat kapital i verksemder med vekstpotensial
- Utarbeida strategi for lokalisering av hovudkontorfunksjonar

**Næringer med særlege føremoner**

- Særleg satsing på energi, marine-, maritime, reiselivs- og andre vekstkraftige næringer

**Innovasjon**

- Aktiv bruk av ny kunnskap
- Stimulera til innovasjonskultur
- Leggja til rette for næringsklynger og næringsnettverk
- Utvikla etablerarkultur

**Livskraftige lokalsamfunn**

- Utvikla samspelet mellom landbruk, kultur og reiseliv
- Næringsvenleg offentleg sektor



Frå Wärtsila på Rubbestadneset.

Foto: Wärtsila